



HARDANGER
Kunstlag

Årsmelding 2019

Hardanger Kunstlag

Styret i Hardanger Kunstlag 2019

Leiar og skrivar

Åsmund Aarvik

Nestleiar

Johild Mæland

Kasserar og ansvarleg for fb

Siri Kvalfoss

Styremedlem

Svein Nå og Kari Kvinge Nå

Varamedlemer

Kjell-Erik Ruud og Brit Helen Stuholm

Valnemd

Arnhild Bleie. Styret vel ein person til i valnemda.

Nettansvarleg

Iben Mansfeld

Revisor

Knut Steinar Bu

Åsmund flytta hausten 2019 og Johild har sidan den tid fungert som leiar.

Hardanger Kunstlag har hatt 8 styremøte i 2019 og behandla 31 saker.

Det var 36 medlemmer i laget.

Årsmøtet 2019 vart halde i kantina på heradshuset i Kinsarvik.

Program var Oddmund Hus som viste bilde og fortalde om boka si Lofthusmålarane.

Samling på Gløyp i Kinsarvik 19. januar.

Kunstnarsamtale/ presentasjon av Lars Korff Lofthus og presentasjon og tilbakemelding frå kunstnarane som har hatt opphald i Hardanger sitt kunstnarhusvære i Berlin i 2018. Arrangementet var ope for alle interesserte. I tillegg var representatar for spleiselaget som betalar for ordninga inviterte ved ordførarar, rådmenn og kulturansvarlege i alle kommunane i Hardanger samt leiar i Harding Puls.

Kunstnarsamtalen med Lars Korff Lofthus vart leia av Åsmund Aarvik.

Johild Mæland som er ansvarleg for administreringa av kunstnarhusværet for Hardanger Kunstlag var sjuk. I staden stilte kultursjef i Eidfjord kommune og leiar av Hardanger kulturråd Lisbeth Bygstad Celik og heldt ein introduksjon om ordninga og korleis aktiviteten hadde vore i 2018. Ranveig Helen Lægreid og Benedicte Maurseth fortalde om sine erfaringar frå studieopphald i Berlin. Inger-Kristine Riber og Reidun Horvei hadde laga ein video som vart vist.

ODDArT 2019

Kunsthelg i Odda sentrum arrangert for tredje gong 29. - 31.8. Dette er eit samarbeid mellom Hardanger Kunstlag og Harding Puls.

ODDArT har eit eige styre der Svein Nå og Johild Mæland representerer Hardanger kunstlag. Solfrid Aksnes leia styret.

Tema for ODDArT-2019 var *Inspirert av Knudsen*.

Ein inviterte regionale kunstnarar til å lage verk inspirert av fotograf Knud Knudsen sitt virke.

Kunstnarar som deltok var:

Else- Karin Tysse Bysheim - instalasjon, Ingunn van Etten - maler, Mari Skeie - objekt, Felicitas Aga – maler, Solfrid Aksnes – fotocollage, Judith E. Haan – tresnitt, Anne Hsevik – maleri, Lars Korff Lofthus – maleri, Åse Berit Skeie Ulltang – tusjteikning, Silje Solvi – foto. Denne utstillinga var i Lindehuset.

Andre aktivitetar under ODDArT-2019:

- Lunsjkonserter på Odda bibliotek med Rannveig Djonne og Anne Børsheim, Laura og Arpad Buta, Ragnhild Opedal Tveit, Torbjørn Dagestad og Anette Torvund.
- Føredrag om Knudsen som fruktdyrkar av Finn Måge.
- Fotoverkstad med Ingerid Jordal og Ådne Dyrnesli.
- Drinking and drawing med Felicitas Aga.
- Omvisning i utstillinga med Torild Gjesvik og Brita Jordal.
- Kunstnarsamtale om Knudsen med Torild Gjesvik og Åsne Digranes leia av Else Marie Sandal.
- Gatemusikarar – Mihai Sorohan og Torbjørn Dagestad - som spelte utanfor biblioteket, Lindehuset og Litteraturhuset før arrangementa starta.
- Prøv deg som gatekunstnar- workshop på lerret mellom trea øvst i gågata.
- Det blinde Øye – utstilling og føredrag av Rune Eraker.

Arrangementet vart godt gjennomført. Dette var eit treårig prosjekt som me vonar vert vidareført i ei eller anna form av andre eldsjeler.

Juleutstilling 2019

30. november opna Hardanger Kunstlag juleutstilling på Nærbutikken, Grimo. Utstillinga stod til 2.januar.

Dette er ei medlemsutstilling, men me valgte i år å invitere medlemmer i Odda kunstforening og Måndagsmalarane i Kinsarvik til å delta.

Det var 13 utstillarar og 47 utstilte verk. Dei som deltok var:

Solfrid Aksnes, Siri Kvalfoss, Johild Mæland, Felicitas Aga, Anna Aakre Kråkevik, Britt Helen Stuholm, Eli Lillevik, Marianne Ljostveit, Elin Hartveit Ure, Else Jensen, Liv Eikemo Opdal, Marie Ribersen, Beate Syska.

Siri tok i mot påmeldingar, laga plakat og utstillingsliste og ordna forsikring av utstillinga.

Svein, Kari, Siri og Johild monterte utstillinga. Det var opning av pepparkakebygd, musikalsk innslag rett før vår opning. Masse folk. Johild held ei lita tale og presenterte alle utstillarane. Kari delte ut Twistposar til utstillarane. Det vart seld kunst for kr 6650. Prosent til kunstlaget kr 665.

Underskot totalt med kr. 2710,70. Men styret meiner likevel det er viktig aktivitet å gjennomføra.

Posetivt med samarbeid med Måndagsmalarane i Kinsarvik og Odda kunstforening. Muntleg avtale om at i 2020 skal Odda kunstforening invitera oss til felles juleutstilling.

Hardanger-Berlin - Kunstnarhusvære i Berlin.

Hardanger Kunstlag har sidan 2016 vore ansvarleg for leigekontrakta og administrering av ordninga. Utgiftene vart i 2018 betalt av eit spleiselag som besto av: Alle kommunane i Hardanger, Harding Puls og ei lita husleige frå dei som har fått studiopphald i husværet (kr 50 pr døgn).

Kunstnarane som hadde opphald i 2019 var: Inger Kristine Riber, Benedicte Maurseth, Solfrid Aksnes, Aud Bækkelund, Jorid L.Eide, Ådne Dyrnesli, Eirik B.Gravdal, Eli Gunvor Grønsdal, Inger Elisabeth Aarvik, Iben Mansfeld, Judith de Haan.

Kunstlaget har hatt fleire møte med leiar og sekretær i Hardangerrådet og leiar av Hardanger kulturråd om eit nærare samarbeid i administreringa og ansvar av kunstnarhusværet.

7.8. inngjekk ein avtale der Eidfjord kommune overtek underskrift av leigekontrakta og sekretær i Hardangerrådet overtek ansvar for distibuering av nøklar og søknader om opphald. Primæransvaret for Kunstlaget er økonomien. Ei stor letta å få fordelt ansvaret på fleire aktørar!

Kunstregistrering for Ullensvang herad

Ullensvang herad ved Ingvild Ystanes spurde kunstlaget om me kunne ta på oss å registrera kunstverk som heradet eig og laga ein oversikt med foto og beskrivelse av verka.

Laget vart tilbydt 300 kr timen for dette arbeidet. Dei som har vore med å utført det er Astrid Grønsnes, Ragnhild Lund, Tone Tveito Eidnes, Dagny Lutro og Johild Mæland.

Eit omfattande arbeid som har vore interessant og har skaffa ein del pengar inn til laget.

Planen var at oppdraget skulle vera ferdig før årskifte, men det var mykje meir tidkrevjande enn noken forestilte seg slik at det let seg ikkje gjera. Sjølve registreringsarbeidet er no ferdig, men det gjenstår ein siste sjekk på at opplysningar på skjema og foto av verka stemmer overeins.

Lagring av lagsbøker, permar mm frå Ullensvang kunstlag.

Kari, Svein og Johild har gått gjennom lagsmateriale etter Ullensvang kunstlag. Bare dei nyaste permane med rekneskap og div. styrepapir er fortsatt lagra hos Johild på Utne. Alt det andre dvs. styreprotokoll frå stifting av laget, utstillingsprotokollar for Hardangerutstillinga på Krossvoll mm er no overlevert til Ullensvang herads sitt lagsarkiv på Sindark på Smelteverkstomta. Vår kontaktperson har vore Erlend Trones.

Hardanger Kunstlag er medlem i Norske Kunstforeninger.

Utne 18.3.2020

Johild Mæland

leiar